



MØTEBOK

| | |
|-----------------|-------------------------------|
| Organ | Fylkesutvalet |
| Møtestad | Loen - Hotel Alexandra |
| Møtedato | 07.10.2019 |
| Kl. | 15:05 – 16.10 |

Faste medlemmer til stades:

Jenny Følling, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Trude Brosvik, KrF
Åshild Kjelsnes, Ap
Hilmar Høl, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H

Forfall til møtet:

Gunhild Berge Stang, V
Aleksander Øren Heen, Sp

Varamedlemmer til stades:

Marita Gunn Aarvik, FrP
Karen Marie Hjelmeseter, Sp

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesrådmann Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Svein Hågård og Marit Silje Husabø

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet valde fylkesordføraren og Sigurd Reksnes til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Munnlege orienteringar og avklaringar:

Fylkesrådmannen orienterte om førespurnad frå ein av Nikolai Astrup sine etterkomarar i samband med FT-saka om overføring av Astrupkunst til Musea i Sogn og Fjordane.

Fylkesrådmannen, fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren orienterte om framlegget til statsbudsjett for 2020.

Fylkesvaraordføraren orienterte om førespurnad frå Norwegian Oil Spill Control Association.

Fylkesutvalet kjem tilbake til uttale til framlegget frå kraftskatteutvalet i møte 20. november 2019.

SAK 93/19 Nominering av styremedlemer til Sogn og Fjordane Holding AS

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

- 1 Fylkesutvalet peikar ut følgjande tre personar til styret i Sogn og Fjordane Holding AS:
 - 1)
 - 2)
 - 3)

Varamedlem:

- 2 Fylkesutvalet peikar ut følgjande to personar til ei valnemnd som skal finne fram til to styremedlemer og éin varamedlem på vegner av aksjonærane i aksjeklasse B:
 - 1)
 - 2)
- 3 Fylkesutvalet sitt vedtak, jf. pkt. 1 og 2, føreset at fylkestinget slutter seg til fylkesutvalet sin tilråding i sak 78/19 når det gjeld § 5 i vedtektene til Sogn og Fjordane Holding AS.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet utset handsaminga av punkt 1 til fylkesutvalet sitt møte 20. november 2019.

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkesutvalet peikar ut følgjande tre personar til ei valnemnd som skal finne fram til to styremedlemer og éin varamedlem på vegner av aksjonærane i aksjeklasse B og tre styremedlemmar og ein varamedlem på vegner av aksjonæren i aksjeklasse A.

Sigurd Reksnes, Åshild Kjelsnes og Noralv Distad

Fylkesrådmannen stiller med sekretariat.

Avrøysting:

Framlegga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedtekne.
Fylkesrådmannen si tilråding kom ikkje opp til avrøysting.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet utset handsaminga av punkt 1 til fylkesutvalet sitt møte 20. november 2019.

Fylkesutvalet peikar ut følgjande tre personar til ei valnemnd som skal finne fram til to styremedlemer og éin varamedlem på vegner av aksjonærane i aksjeklasse B og tre styremedlemmar og éin varamedlem på vegner av aksjonæren i aksjeklasse A.

Sigurd Reksnes, Åshild Kjelsnes og Noralv Distad

Fylkesrådmannen stiller med sekretariat.

SAK 94/19 Skriv og meldingar fylkesutvalet 7. oktober 2019.

Følgjande skriv og meldingar vart handsama:

- 1a: Tilskot til nasjonale/internasjonale idrettsarrangement
- 1b: Søknad NM motbakkeløp - NM veka
- 1c: Meldingstekst
- 1d: Budsjett Bystien Førde Opp NM 2020

Vedtak:

Fylkesutvalet løyver kr 100 000,- til NM i motbakkeløp, med dekning frå kontoen «fylkesutvalet til disposisjon»

- 2: Bustadstiftinga ved Lærdal Sjukehus - status for styret i stiftinga
-